


# LEPPEFISK



Grønngylt




Bergylt

Terje Halsteinsen

Trondheim 5. januar 2011




## Totalt antall utsatt (kjøpt/selvfisket) leppefisk rapportert av oppdrettere – 1998-2009





## Verdi av landet fangst av leppefisk og gjennomsnittsverdi pr. kg landet leppefisk – 2000-2010





## •§ 1 Formål

•Formålet med lova er å sikre ei berekraftig og samfunnsøkonomisk lønsam forvaltning av dei viltlevande marine ressursane og det tilhøyrande genetiske materialet og å medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna.



## • § 7 Forvaltningsprinsipp og grunnleggjande omsyn

- Departementet skal vurdere kva slags forvaltingstiltak som er nødvendige for å sikre ei berekraftig forvaltning av dei viltlevande marine ressursane.
- Ved forvaltninga skal det leggjast vekt på
  - a) ei føre-var-tilnærming i tråd med internasjonale avtalar og retningslinjer
  - b) ei økosystembasert tilnærming som tek omsyn til leveområde og biologisk mangfald
  - c) ein effektiv kontroll med hausting og anna utnytting av ressursane
  - d) ei formålstenleg fordeling av ressursane, som mellom anna kan medverke til å sikre sysselsetjing og busetjing i kystsamfunna
  - e) ei optimal utnytting av ressursane som er tilpassa marin verdiskaping, marknad og industri
  - f) at haustingsmetodar og reiskapsbruk tek omsyn til behovet for å redusere moglege negative verknader på levande marine ressursar
  - g) at forvaltingstiltak er med og sikrar det materielle grunnlaget for samisk kultur.



## § 16. Gjennomføring av hausting

- All hausting og anna utnytting av viltlevande marine ressursar skal skje så skånsomt som mogleg.
- Departementet kan fastsetje forskrifter om gjennomføring av hausting, mellom anna om
  - - tidsrom for hausting og tidspunkt for utseglings
  - - kor mange fartøy frå ulike grupper som kan hauste samtidig i eit område
  - - forbod mot hausting i visse område, av visse arter eller med visse reiskapar
  - - utforming, merking, bruk og røkting av reiskapar og andre innretninger som vert nytta i
  - - samband med hausting
    - største eller minste tillatne storleik på individ og at det berre eller for ein del skal haustast hann- eller hoindivid
  - - tillaten bifangst
  - - utforming og bruk av haustingsreiskapar for å redusere skadeverknader på andre arter enn målartane



## • § 22 Sports- og rekreasjonsfiske

- Når det vert hausta med fartøy som ikkje er merkeregistrerte eller fiska frå land, kan det ikkje nyttast andre reiskapar enn
  - a) handsnøre, fiskestong og liknande handreiskapar
  - b) ei maskindriven jukse eller dorg
  - c) garn med samla lengd på inntil 210 meter
  - d) liner med inntil 300 onglar
  - e) inntil 20 teiner eller ruser.
- Desse reiskapsavgrensingane gjeld også når same person eller dei same personane nyttar fleire fartøy



## • § 23 Omsetningsgrensa for sports- og rekreasjonsfiske

• Ein person eller eit føretak kan per kalenderår ikkje omsetje fangst som er teken med fartøy som ikke er merkeregistrert, eller frå land, for meir enn den summen som er fastsett i lov 19. juni 1960 nr. 66 om merverdiavgift (merverdiavgiftsloven) § 28 første ledd første punktum. Denne grensa gjeld sjølv om fleire personar eller føretak omset fangst som er hausta med det same fartøy. Den som eig merkeregistrert fartøy, kan likevel ikkje omsetje slik fangst av fiskeslag som han er tildelt kvote for etter § 12.